

**Notat**

Dato: 21.05.2019  
Arkivsak: 2019/11784-1  
Saksbehandlar: vigbjo

---

<b>Til:</b>	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Opplæringsplassar nye ferjekontraktar**

I vedtak i Fylkesutvalet i januar 2016 vart følgjande vedteke (rutepakke 1 og 2 vart til rutepakke 1, 2 og 5 på eit seinare tidspunkt):

«Krav til lærlingeplassar i rutepakke 1 og 2 skal totalt vere 32 plassar i samsvar med notat frå fylkesrådmannen av 22.01.2016».

På bakgrunn av vedtaket vart følgjande krav implementert i ferjekontraktane som startar opp i perioden 2018 – 2020:

«For å sikre naudsynt rekruttering av kvalifisert personell til næringa skal Operatør vere tilknytt ei lærlingordning og ha lærlingar som deltar i oppfylling av Oppdraget.»

Minimum tal på lærlingar per kontrakt vart omsett til minimum tal arbeidstimar for lærlingar per kontrakt for å sikre at lærlingane faktisk utfører arbeid relatert til den enkelte kontrakt, men også slik at ferjeoperatøren kan la lærlingane utføre arbeid i fleire kontraktar for å sikre varierte oppgåver og gode skiftordningar.

På bakgrunn av redusert tilgang til lærlingar vil Skyss akseptera at operatørane nyttar kadettar for å oppfylle lærlingkravet. Maritimt Opplæringskontor bekreftar at det er vanskeleg å garantera for at ferjeselskapa får tilgang til det talet lærlingar som dei treng for å oppfylla lærlingkvota i dei nye ferjekontraktane.

Skyss vil etterkomme førespurnader frå operatørane og gje opning for at dei kan supplera med kadettar i dei opplæringsstillingane som opplæringskontoret ikkje klarar å skaffa lærlingar til. Ferjeoperatørane har ikkje høve til å nytta kadettar dersom opplæringskontoret har tilgjengelege relevante lærlingar. Det totale kravet til arbeidstimar med bruk av lærlingar per kontrakt må oppretthaldas.